




# HUSFLIDSUTSTILLINGA

TEVLING I HUSFLID, HANDVERK & DESIGN



**Dyrsku'n får under eit normalår besøk av 90.000 gjester og over 800 utstillarar. Her er både landbruk, dyrehald, lokalmat og handverk representera, saman med fleire andre bransjar.**

Saman med Norges Husflidslag og Vest-Telemark Museum arrangerer vi landets største tevling i husflid, handverk og design, før arbeida vert synt fram i ei spennande utstilling under marknadsdagane på Dyrsku'n. I utstillinga kan du og sjå ei dagsaktuell særutstilling, demonstrasjon av handverksteknikkar og flotte elev- og studentarbeid.

### **LYST TIL Å DELTA I TEVLINGA?**

Tevlinga er open både for profesjonelle handverkarar og for dei som har handverk som hobby. For elevar, studentar, lærlingar og kursdeltakarar er det oppretta eigne klasser, og desse gruppene er spesielt velkomne til å delta.





### **KVIFOR DELTA?**

Marknadsføring og synleggjering for eit stort og interessert publikum · Moglegheit for å knyte viktige kontaktar · Verdifull erfaring med å stille ut og ha kontakt med publikum · Moglegheit for å bruke Dyrsku'n som salsaarena · Ekstern, objektiv og fagleg tilbakemelding · Heve kvaliteten på arbeidet ved hjelp av tilbakemeldingar · Premie og diplom for 1. plass med moglegheit til å vinne spesielle prisar · Verdifull post på CV'n · Sette fokus på husflid, handverk og design · Halde oppe og utvikle tradisjonar

Kategoriane i tevlinga er:

## TRE • KNIV • TEKSTIL • SYLV • SMIING • KERAMIKK (NY KATEGORI I 2023!)

Kvar kategori er dela inn i ulike klasser med rom for dei fleste utøvarar. Stikkord for innleverte arbeid kan vere: Tradisjon, nyskaping, kvalitet, breidde og mangfald.



«Det å motta Stimuleringsprisen i 2015, ga meg troen på at mitt formspråk og håndverk kunne være med på å belyse gamle norske sagn og tradisjoner på en ny måte. Når jeg ser tilbake, har motivasjonen jeg fikk etter å ha vist frem arbeidet for et større publikum gitt meg nødvendig styrke og selvtillit som kunstner, håndverker og selvstendig næringsdrivende.»  
– Marie Ridderhus

### ULIKE PRISAR

Forutan første-, andre- eller tredjepremie, kan du òg vinne ein av dei spesielle prisane våre:

**Nyskapingsprisen** frå Norges Husflidslag - diplom og gåvesjekk på kr. 5000,-

**Stimuleringsprisen** frå Dyrsku'n - diplom og gåvesjekk på kr. 5000,-

**Diplom for godt handverk** blir dela ut av Norges Husflidslag

## HUSFLIDSUTSTILLINGA DYRSKU'N

Husflidsutstillinga på Dyrsku'n er ei spennande og dagsaktuell utstilling der du kan sjå det enorme spekteret som finst innan husflid, handverk og design i Noreg. I tillegg til arbeid frå tevlinga inneheld utstillinga:

**SÆRUTSTILLINGA 2023**, med tittelen «Når ingen lenger kan». Eit dagsaktuelt tema for å setje fokus på handverk og teknikkar som om litt kanskje er gått ut av bruk. Me håpar at årets særutstilling vil skape interesse blant publikum og rekruttere nye handverkarar. Det vert fokus på handverk som nyttar kløyving av tre som ein teknikk, og både korgmaking og skimaking vert å sjå.

**Elev- og studentutstilling** med flotte arbeid innanfor forskjellige fagområdar.

*Lyst til å delta i tevlinga?*

Du finn påmeldingsskjema, reglement og anna viktig informasjon for tevlinga på [www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no).

**VEL MØTT SOM DELTAKAR, OG VELKOMEN  
TIL DYRSKU'N!**



**INNLEVERINGS- OG  
PÅMELDINGSFRIST:  
11. AUGUST 2023**



**DYRSKU'N**

Dyrsku'n Arrangement AS  
Nordbygdevgen 60,  
3840 Seljord

Telefon: 35 06 57 70

E-post: [post@dyrskun.no](mailto:post@dyrskun.no)

[www.dyrskun.no](http://www.dyrskun.no)

[www.facebook.com/dyrskun](https://www.facebook.com/dyrskun)

[www.instagram.com/dyrskun](https://www.instagram.com/dyrskun)

NORGES  
HUSFLIDSLAG

vest-telemark  
museum

Husflidstevlinga vert arrangert i  
samarbeid med Norges Husflidslag og  
Vest-Telemark Museum  
Følg husflidsarenaen på instagram:  
[@husflid\\_handverk\\_design\\_dyrsku](https://www.instagram.com/@husflid_handverk_design_dyrsku)

Foto: Anne-Lise Surtevju,  
Embla Forthun Guntveit,  
Design og trykk:  
ETN Grafisk